



Saksbehandlar: Elisabeth Aune, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/3196-23

Søknader om konsesjon for opptak av skjelsand

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Roslagen AS får konsesjonar til opptak av skjelsand i kommunane Flora, Solund og Gulen på følgjande lokalitetar, slik det går fram av kart og koordinatfesta hjørnepunkt:

Lokalitet	Kommune	Areal i dekar	Årleg opptak m3
Farsundbåane-Askrova	Flora	287,88	10 000
Kolgrov N-Varøyna	Solund	28,95	10 000
Kolgrov S-Husøyosen	Solund	54,19	10 000
Bustenakken	Gulen	92,45	10 000
Svartskjerosen	Gulen	704,28	10 000
Kvernøya	Gulen	68,87	10 000
Kversøy	Gulen	92,62	10 000
		1329,24	

Konsesjonar for opptak av skjelsand vert gjeve til 15.10.2021 på følgjande vilkår:

1. Før området i Flora og dei 4 områda i Gulen kommune kan takast i bruk skal Bergen Sjøfartsmuseum kontaktast, og granskingar gjennomførast etter deira krav.
2. Vert det under opptak i Solund oppdaga kulturminner som keramikk eller andre lausfunn, skipsdeler og vrak, jf. fråsegna frå Bergens Sjøfartsmuseum, skal opptaket stansast og fylkeskommunen skal saman med Museet orienterast om funna.
3. Ved grabbing må det takast omsyn til garn og teiner som er sett ut av merkeregistrerte fiskefartøy. Ved konflikt må uttak av skjelsand vike for fiskeriinteressene.
4. Eventuelle erstatningsansvar som følge av tiltaket ligg til konsesjonsinnehavar.
5. Det skal kontrollerast at verksemda ikkje er til skade for undersjøiske kablar eller andre undersjøiske installasjonar. Opptak skal ikkje skje med mindre avstand enn 100 meter frå slike.
6. Det skal betalast årleg avgift til fylkeskommunen i samsvar med dei volum skjelsand som blir tatt opp. Storleik på avgifta er kr. 0,30 pr. hl. skjelsand som blir teke opp. Betaling skal skje innan 31. januar det påfølgjande år. Innehavar av

løyvet skal sjå til at det blir ført nøyaktig oversyn over opptatt mengde skjelsand, slik at rett avgift kan bereknast.

Dersom slik produksjonsavgift ikkje blir betalt, kan konsesjonen trekkjast tilbake. Nytt opptaksløye blir ikkje gitt før skuldig avgift er betalt.

7. Årlege oppgåver over oppteken mengde skjelsand og kvaliteten på denne, skal sendast til fylkeskommunen seinast 31.januar det etterfølgjande år. Melding skal sendast sjølv om drifta har vore innstilt. Likeins skal fylkeskommunen bli underretta når verksemda blir innstilt for godt.
8. Representantar for fylkeskommunen eller andre inspektørar med fullmakt frå fylkeskommunen, skal til ei kvar tid ha tilgang til uttaksområdet og fartøy for å sjå til at arbeidet går føre seg i samsvar med konsesjonsvilkåra og at det blir ført nøyaktig oversyn over opptaket. Dersom vilkåra ikkje vert følgde, skal inspektøren gi melding til fylkeskommunen, som avgjer om konsesjonen skal dragast inn.
9. Konsesjonen gjeld for 5 år frå vedtaket er gjort kjent for søker. Det er høve til å søkje om forlenging av konsesjon.
10. Ved eventuelle brot på vilkåra, kan fylkeskommunen trekkje tilbake konsesjonen.
11. Dersom det blir tatt opp skjelsand, sand eller grus utan at det ligg føre løyve, vil saka vera straffbar etter § 332 i straffelova. Slike handlingar kan bli anmeldt på vanleg måte til den som har påtalemynde.

Ved nedlegging plikter innehavar av løyvet å fjerne dei anlegg som er nytta ved drifta.

Vedlegg:

Kart over Flora

Kart over Solund og Gulen

Koordinatfesta hjørnepunkt for områda

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. BAKGRUNN

Bakgrunnen for at saka er reist

Det ligg føre søknadar frå ROSLAGEN AS, Hellesneset 56, 5915 Hjelmås, om løyve til opptak av skjelsand på 7 lokaliteter fordelt på 3 kommunar i fylket:


Lokalitet	Kommune	Areal i dekar	Årleg opptak m3	Antatt mengd m3
Farsundbåane-Askrova	Flora	287,88	10 000	6-800 000
Kolgrov N-Varøyna	Solund	28,95	10 000	50 000
Kolgrov S-Husøyosen	Solund	54,19	10 000	110 000
Bustenakken	Gulen	92,45	10 000	100-130 000
Svartskjerosen	Gulen	704,28	10 000	2-300 000
Kvernøya	Gulen	68,87	10 000	80-120 000

Kversøy	Gulen	92,62	10 000	150-200 000
		1329,24		

Områda er teikna inn i kartvedlegg.

Søknadane skal handsamast i medhald av *Lov om undersjøiske naturforekomster av 21.06.1963 nr. 12*. Fylkeskommunen sitt mynde til å gi løyve for undersøking og utnytting av skjelsand, sand og grus etter § 2 og etter vedtak av Nærings- og energidepartementet av 29.3.93, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Konsesjonar for opptak av skjelsand vert gitt for 5 år om gongen. Siste tildelinga var i 2001, desse konsesjonane vart overdratt til Roslagen AS og vidareført fram til mai 2016.



Figur 1 Omsetning av skjelsand i Sogn og Fjordane

Det har ikkje lete seg gjere å finne god statistikk over opptak av skjelsand i Sogn og Fjordane. Sidan år 2000 er det truleg ikkje snakk om meir enn maks 10 000 m³, hovudsakleg i Gulen og Askvoll. Det meste som er omsett av skjelsand i fylket, slik figur 1 viser, er henta opp i andre fylke.

2. SØKNADANE

Roslagen AS er ein stor leverandør av skjelsand til Sogn og Fjordane, denne skjelsanden går hovudsakleg til kalking i landbruket. Søkar opplyser at det meste er levert til Ytre Sogn, ein del til Bygstad i Sunnfjord og noko til Nordalsfjorden i Flora. Roslagen AS fekk overdratt 4 konsesjonar her i fylket frå andre aktørar i 2001, men desse konsesjonsområda viste seg å vere av dårlig kvalitet, og har ikkje vore nytta. Desse løyva gjekk ut 15. mars 2016. På bakgrunn av gjennomførte prøvetokt etter skjelsand i Solund og Gulen kommunar på seinhausten 2007, søkast det konsesjonar i desse kommunane. I tillegg søker det om eit område i Flora (samst 8 område for prøvetokt som blir lagt fram som eiga sak).

Metode for opptak:

Opptak av skjelsand vil bli utført med grabbing frå fartøy i første omgang, og mogeleg bruk av sug på eit seinare tidspunkt. Opptaksfartøy som skal nyttast er MS Roslagen og MS Straumvik

Tidsrom for opptak:

Søkar opplyser at opptaket av skjelsand truleg vil skje heile året, avhengig av etterspurnad.

Marknad:

Skjelsanden skal hovudsakleg leverast til landbrukskalking, i mindre omfang kabelgrøfter og kyrkjegarder.

3. VURDERING OG KONSEKVENSAR

Søknadane har vore ute på høyring til kommunane og statlege styresmakter (Kystverket, Fylkesmann, Mattilsynet og Sjøfartsmuseet). Kommunane Solund og Gulen har ikkje kome med merknadar til søknadane.

Bergen Sjøfartsmuseum

I kommunane Flora og Gulen ligg tiltaksområda i prioriterte område for marine kulturminne, og Bergen Sjøfartsmuseum seier at det må gjerast nærmere granskningar før uttak av skjelsand kan starte. I Solund har det vore gjennomført prøvetokt i dei områda der det no søkast konsesjon, men også her kan kulturminne på sjøbotnen verte råka av tiltaket. Om så skjer må arbeidet under vatn straks stoppast.

Kystverket

Etter Kystverket si vurdering vil ikkje uttak av skjelsand frå dei aktuelle områda ha nokon direkte negativ verknad eller påføre ulemper for vanleg og pårekneleg skipstrafikk, og har såleis ikkje merknader til at søknadane om uttak av skjelsand blir imøtekomen.

Mattilsynet

Områda ligger såpass langt frå nærrast oppdrettsanlegg at Mattilsynet ikkje har nokon merknader til tiltaka.

Fiskeri

Fiskarlaget øskjer at opptak i Gulen må skje tidleg på året, i Solund kommune og ved Farsundbåane i Flora ønsker fiskarlaget at det ikkje vert tildelt konsesjon på grunn av krabbe og hummarfiske. Fiskeridirektoratet konstaterer ein konflikt med fiskeriinteresser i enkelte av områda, men vil ikkje rå i frå at det vert gitt konsesjon for opptak av skjelsand som omsøkt. Fiskeridirektoratet region Vest konkluderer med at det kan gjevast konsesjon med vilkår om at det ved grabbing må takast omsyn til garn og teiner som er sett ut av merkeregistrerte fiskefartøy. Ved konflikt må uttak av skjelsand vike for fiskeriinteressene.

Flora kommune

Eit uttak på inntil 10 000 m³ per år i 5 år ser Flora kommune på som eit akseptabelt uttak i lys av den totale ressursen.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Roslagen AS får konsesjonar til opptak av skjelsand i kommunane Flora, Solund og Gulen på følgjande lokalitetar, slik det går fram av kart og koordinatfesta hjørnepunkt:

Lokalitet	Kommune	Areal i dekar	Årleg opptak m ³
Farsundbåane-Askrova	Flora	287,88	10 000
Kolgrov N-Varøyna	Solund	28,95	10 000
Kolgrov S-Husøyosen	Solund	54,19	10 000
Bustenakken	Gulen	92,45	10 000
Svartskjerosen	Gulen	704,28	10 000
Kvernøya	Gulen	68,87	10 000
Kversøy	Gulen	92,62	10 000
		1329,24	

Konsesjonar for opptak av skjelsand vert gitt til 15.10.2021 på følgjande vilkår:

1. Før området i Flora og dei 4 områda i Gulen kommune kan takast i bruk skal Bergen Sjøfartsmuseum kontaktast, og granskingar gjennomførast etter deira krav.
2. Vert det under opptak i Solund oppdaga kulturminner som keramikk eller andre lausfunn, skipsdeler og vrak, jf. fråsegna frå Bergens Sjøfartsmuseum, skal opptaket stansast og fylkeskommunen saman med Museet orienterast om funna.
3. Ved grabbing må det takast omsyn til garn og teiner som er satt ut av merkeregistrerte fiskefartøy. Ved konflikt må uttak av skjelsand vike for fiskeriinteressene.
4. Eventuelle erstatningsansvar som følge av tiltaket ligg til konsesjonsinnehavar.
5. Det skal kontrollerast at verksemda ikkje er til skade for undersjøiske kablar eller andre undersjøiske installasjonar. Opptak skal ikkje skje med mindre avstand enn 100 m. frå slike.
6. Det skal betalast årleg avgift til fylkeskommunen i samsvar med dei volum skjelsand som blir tatt opp. Storleik på avgifta er kr. 0,30 pr. hl. skjelsand som blir tatt opp. Betaling skal skje innan 31. januar det etterkommande år. Innehavar av løyvet skal sjå til at det blir ført nøyaktig oversyn over opptatt mengde skjelsand, slik at rett avgift kan bereknast.

Dersom slik produksjonsavgift ikkje blir betalt, kan konsesjonen trekkjast tilbake. Nytt opptaksløyve blir ikkje gitt før skuldig avgift er betalt.
7. Årlege oppgåver over oppteken mengde skjelsand og kvaliteten på denne, skal sendast til fylkeskommunen seinast 31. januar det etterfølgjande år. Melding skal sendast sjølv om drifta har vore innstilt. Likeins skal fylkeskommunen bli underretta når verksemda blir innstilt for godt.
8. Representantar for fylkeskommunen eller andre inspektørar med fullmakt frå fylkeskommunen, skal til ei kvar tid ha tilgang til uttaksområdet og fartøy for å sjå til at arbeidet går føre seg i samsvar med konsesjonsvilkåra og at det blir ført nøyaktig oversyn over opptaket. Dersom vilkåra ikkje vert følgde, skal inspektøren gi melding til fylkeskommunen, som avgjer om konsesjonen skal dragast inn.
9. Konsesjonen gjeld for 5 år frå vedtaket er gjort kjent for søker. Det er høve til å søkje om forlenging av konsesjon.
10. Ved eventuelle brot på vilkåra, kan fylkeskommunen trekkje tilbake konsesjonen.
11. Dersom det blir tatt opp skjelsand, sand eller grus utan at det ligg føre løyve, vil saka vera straffbar etter § 332 i straffelova. Slike handlingar kan bli anmeldt på vanleg måte til den som har påtalemynde.
12. Ved nedlegging plikter innehavar av løyvet å fjerne dei anlegg som er nytta ved drifta.